



**Det ligg an til fleirbruk av vatnet i Eikeelva hvis Clemens Kraft vil nytta konsesjonen som olje- og energidepartementet har gjeve for utbyggjing. Noko av det siste som skjedd i saksførebuinga var at NVE avviste 2 klager - frå Clemens på vegne av Eikeelva Kraft og vasskjelden Uskedal Vassverk - som særleg handla om kor røyrkata skal gå. Vassverket fann det ikkje forsvarleg å leggja ho aust for elva på grunn av mange djupe skjæringar, kryssing av bekkar og andre ulempar. CK begrunna klagen med økonomiske, biologiske og naturmessige omsyn og ikkje minst med omsynet til vassverket.**

NVE fann begge alternativ økonomisk bærekraftige og kunne ikkje sjå at alternativet aust for elva veltar prosjektet. Røyrgate vil uansett verta lagt eit et godt stykkje frå elva - 50-200 meter - og avrenninga vert problematisk berre i anleggsfasen. NVE kunne ikkje sjå at klagen ga grunnlag for å endre vedtaket om å seia ja til planane, som vil gje ein produksjon på 6,5 millionar kilowatt-timar i året. Kvinnherad Turlag er imot grunna landskapsinngrep og FNF Hordaland er betenkt over og viser til området som turområde.

NVE ser berre fordelar for vassverket i driftsfasen og handterbare og akseptable ulemper i anleggsfasen. Det er mogeleg å handtera dei på ein god måte.

Kommunen har stilt seg positiv under føresetnad av at vassforsyninga til Uskedalen vert sikra. Stortingspolitikar Helge Andre Njåstad er glad for at departementet vektlegg kommunen sitt syn.

Clemens Kraft er eit landsomfattande selskap og eit dotterselskap av Opplysningsvesenets Fond. Det har mange småkraftprosjekt på gang. Det hadde for ei tid sidan over 40 prosjekt i porteføljen og hadde fått 6 konsesjonar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen